



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Regionalt næringsprogram for 2015

Strategi for
landbruksrelatert næringsutvikling
Møre og Romsdal



Forord

Regionalt næringsprogram gir føringar for bruk av midlar til landbruksbasert næringsutvikling. Dei ytre rammene er gitt gjennom politiske føringar og jordbruksavtalen, men innanfor dette har det lokale partnerskapet rom for å styre innsatsen. Næringsprogrammet blir laga av fylkesmannen, i nært samarbeid med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune og bøndene sine organisasjonar.

Regionalt næringsprogram (RNP) har eit fireårig perspektiv, men kvart år blir det gjort justeringar for å tilpasse verkemiddelbruken til sentrale føringar og til det som faktisk skjer i næringa. Erfaringane bakover er at næringsprogrammet har vore godt tilpassa utfordringane, og at det fungerer godt som styringsverktøy. RNP bør så langt som råd vere stabilt frå år til år, og viktige endringar må ha ein god grunn. Dei viktigaste endringane i denne utgåva er tilpassingar til ny «*Forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket*» og tilpassing av satsane til nye rammer.

Forskrifta om investeringsmidlar vart sett i kraft frå 1. januar. Løyvingane er for 2015 på nivå med tidlegare år. Fylkesmannen er kjent med at fordelingsnøkklane for fylkesvise tildelingar er oppe til diskusjon. Vi håper at resultatet frå denne diskusjonen kjem ut på ein slik måte at investeringsbehova som landbruket i Møre og Romsdal framleis kan møtast. Landbruket i fylket er offensivt og har bruk for større rammer til investeringar enn i dag.

Økonomien i landbruket er bygd opp rundt to stolpar: Den eine er rammevilkåra som blir gitt gjennom forhandlingar og politiske prioriteringar, den andre er gardbrukaren som sjølvstendig næringsdrivande. Dei ytre rammene kan vi gjere lite med, men opp mot den enkelte gardbrukar er næringsprogrammet viktig. Næringsprogrammet skal støtte opp om positive tiltak, og skal bidra til økonomisk berekraftig utvikling i landbruket.

Molde, 4.03.2015

Anne Berit Løset
Landbruksdirektør

Innhald

1.	Bakgrunn.....	4
2.	Prosess, samarbeid og planforankring	5
3.	Erfaringar med Regionalt næringsprogram for 2014	5
3.1	Tilskott til bedriftsretta investeringar i 2014.....	5
3.2	Tilskott til utviklingstiltak 2014.....	6
3.3	Tilskott til rekruttering, kompetanse og likestilling 2014	6
4.	Forankring av Regionalt næringsprogram.....	6
4.1	Nasjonalt.....	6
4.2	Regionalt.....	7
	Landbruksmelding for Møre og Romsdal.....	7
	Fylkesplan 2013-2016 og handlingsplan for verdiskaping	8
	Møre og Romsdal fylkeskommune	8
5.	Generelle føringar	9
5.1	Generelle føringar på nasjonalt nivå (Landbruks- og matdepartementet)	9
5.2	Generelle føringar på regionalt nivå (vedteke i partnerskapet).....	9
5.3	Innovasjon, nyskaping og omstilling	10
5.4	Marknadstilpassing og internasjonalisering	11
5.5	Ny forskrift om bedriftsutvikling	11
6.	Ulike produksjonar og tiltaksområde	11
6.1	Grovfôrproduksjonane.....	11
	Mjølkeproduksjon.....	11
	Sauehald	12
	Geitehald	12
6.2	Kraftfôrbaserte produksjonar	13
	Svinekjøttproduksjon	13
	Egg- og fjørfekjøttproduksjon.....	13
6.3	Planteproduksjon.....	13
	Korn.....	14
	Poteter og grønnsaker, frukt og bær	14
	Lokal matforedling	14
	Lokal mat og grønt reiseliv.....	14
6.5	Skogbruk.....	14
	Juletreproduksjon	15
7.	Prioriterte satsingar.....	15
7.1	Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv.....	15
7.2	Innovativ bruk av tre	15
7.3	Bioenergiprogrammet.....	16
7.4	Hoppid.no.....	16
7.5	Tilskotsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket	16
7.6	Inn på tunet.....	16
7.7	Natur- og kulturbasert næringsutvikling	16
7.8	Økologisk landbruk	17
7.9	Bygdemobilisering	17
7.10	Kompetansetiltak og FoU	17
7.11	Klima og miljø	18
7.12	Rekruttering/eigarskifte	18
7.13	Småkraftverk	19
	Midlar til bygdeutvikling - rammer og satsar for 2015	20

1. Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet har i brev av 8.11.2012 gitt føringar for arbeidet med regionale bygdeutviklingsprogram (RBU). RBU skal innehalde regionale planar for verkemiddel for å fremje landbruksbasert næringsutvikling og å målrette miljø- og klimaarbeidet. RBU består av tre hovudelement:

- Regionalt næringsprogram (RNP)
- Regionalt miljøprogram (RMP)
- Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

I dei nasjonale føringane er det streka under at RNP skal bidra til å utløyse regionale fortrinn og potensial for næringsutvikling knytt til heile breidda av landbrukets ressursgrunnlag.

Næringsprogrammet skal leggest til grunn for regional forvaltning av desse ordningane:

- Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak
- Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (tilskott og rentestøtte)
- Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv
- Bioenergiprogrammet
- Innovativ bruk av tre

Meld. St. 9 (2011-2012) Velkommen til bords frå Landbruks- og matdepartementet blei lagt fram i 2011 og handsama i Stortinget våren 2012. Meldinga la mellom anna til grunn at matproduksjonen i Noreg skal auke i takt med folketalet, dvs. at den skal auke med 20 % innan 2030. Dette får følgjer for det langsiktige arbeidet med utvikling av landbruket i regionen.

Fylkestinget vedtok i desember 2012 ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Meldinga skal vere retningsgjevande for utviklinga av næringa på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Det overordna målet i meldinga er at "Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket".

2. Prosess, samarbeid og planforankring


Arbeidet med næringsprogrammet har eiga styringsgruppe med slik samansetjing:

Anne Berit Løset, landbruksdirektør (leiar)
Inge Martin Karlsvik, leiar i Møre og Romsdal Bondelag
Øystein Ormbostad, leiar i Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag
Rolf Ivar Moen, styremedlem i Allskog
Sivert Gravem, Innovasjon Norge, Møre og Romsdal
Eivind Vartdal Ryste, Møre og Romsdal fylkeskommune

Prosessten rundt det regionale næringsprogrammet har skjedd i samarbeid mellom landbruksavdelinga og styringsgruppa. Medlemene i styringsgruppa har ansvaret for å ta diskusjonen ned i sine organisasjonar. Dette har fungert godt gjennom heile prosessen. Kommunane har blitt orienterte og rådspurte, og synspunkta som har kome fram har blitt lagt fram for styringsgruppa.

3. Erfaringar med Regionalt næringsprogram for 2014

3.1 Tilskott til bedriftsretta investeringar i 2014



Tilskott til ulike produksjonar – talet på saker i parantes.

Størstedelen av investeringsmidla, 19,9 mill. kroner, er løyvde til mjølkeproduksjon på storfe. Deretter kjem investeringar i grøntsektoren, 2,5 mill. kroner og sauehald med 2,3 mill. kroner. Det er jamt stor etterspurnad etter investeringsmidla og særleg til investeringar i det tradisjonelle landbruket.

3.2 Tilskott til utviklingstiltak 2014

Fylkesmannen fekk i 2014 ei løyving på kr 4,80 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Av desse vart kr 400 000 avsette til tiltak innanfor økologisk landbruk. I 2014 løyvde vi kr 4,98 mill. kroner gjennom denne ordninga (omfattar også ny bruk av inndregne midlar).

Ein stor del av utgreiings- og tilretteleggingsmidla vert brukte til utviklingsprosjekt i regi av landbruket sine egne organisasjonar. Desse prosjekta vil bidra til verdiskaping på sikt. Eksempel på dette er Tine sine vegvalsprosjekt, Nortura som arbeider for å auke kjøttproduksjonen, rekrutteringsprosjektet i regi av Bondelaget, Hanen sitt nettverksprosjekt og Landbruk Nordvest som jobbar med betre kvalitet på grovfôrproduksjonen. Det har over tid vorte mindre interesse for bygdemobilisering. I 2014 vart løyvde midlar til ei slik sak. Midla til økologisk landbruk omfattar mellom anna tilskott til økologiske skulehagar, økoprofilering av trøndersk matfestival, økoveka 2015 og deltaking på nasjonalt økoseminar.

3.3 Tilskott til rekruttering, kompetanse og likestilling 2014

Tildelt ramme frå Landbruks- og matdepartementet var kr 1 480 000. I tillegg er det brukt overførte og inndratte midlar, slik at det til saman er løyvde 2,1 millionar kroner til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket i Møre og Romsdal i 2014. Det er gitt tilskott til 12 prosjekt, medan 5 søknader fekk avslag. Alle vedtak er gjort etter politisk behandling i regional- og næringsutvalet i fylkeskommunen. Nokre av sakene er samfinansierte med fylkesmannen sine tilskott til bygdeutvikling. Ordninga utfyller fylkesmannen sine bygdeutviklingsmidlar og engasjerer fylkespolitikarane i landbruksspørsmål.

4. Forankring av Regionalt næringsprogram

4.1 Nasjonalt

Stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken, Meld. St. 9 (2011-2012), vart vedteken våren 2012. Eitt av måla i stortingsmeldinga er å auke matproduksjonen i takt med folketalsauken, dvs. ein forventa vekst på 20 prosent innan 2030. Auken skal i største mogleg grad skje på grunnlag av landets egne ressursar. Meldinga gjev føringar for heile landbruks- og matsektoren – i tillegg til verdikjedene på landbruks- og matområdet.

I stortingsmeldinga er det gitt følgjande fire overordna føringar for landbruket:

- Mattryggleik
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk

Landbruks- og matdepartementet har elles varsla ei stortingsmelding om vekstkraft og gründerskap innan landbruksbasert næringsutvikling. Denne er venta å komme i 2016.

4.2 Regionalt

Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal vart vedteken i desember 2012. Målet for å utarbeide ei slik melding var fleire:

- vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval
- vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket
- danne grunnlag for prioriteringar i komande regionale planar og handlingsprogram

Meldinga er meint å gje fylkeskommunen gode føresetnader for å vere ein tydeleg regional utviklingsaktør. Den skal leggje grunnlag for ei endå betre koordinering og bruk av dei regionale verkemidla som fylkeskommunen og fylkesmannen forvaltar i samband med landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Utfordringar: I meldinga er det lista opp fem viktige utfordringar for landbruket i Møre og Romsdal:

- Utvikle mjølkeproduksjonen og auke kjøttproduksjonen på storfe og småfe
- Halde landbruksareala og kulturlandskapet i hevd, auke beitebruken og produsere fôr av god kvalitet
- Stimulere produksjonsmiljø og kvalitet, samarbeid og innovasjon
- Rekruttere og bygge kompetanse og omdømme for næringa
- Satse på variert verdiskaping for å nytte ut ein større andel av garden sine ressursar

Hovudmål: Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket.

Dette inneber:

- Å auke mat-, trevirke-, energi- og tenesteproduksjon minst i takt med etterspurnaden. Auken skal i størst mogleg grad vere basert på lokale ressursar
- Beredskap gjennom trygg produksjon av landbruksvarer
- Rammevilkår som sikrar inntekt og rekruttering
- Eit mangfald av produksjonar og bruksstrukturar
- Å sikre produksjonsgrunnlaget, både areal og menneskelege ressursar
- Å styrke produksjonsmiljø og klynger

Mål: I meldinga er det formulert 13 delmål:

- Ta vare på jordbruket sitt produksjonsareal og kulturlandskap
- Beitebruken i Møre og Romsdal skal aukast, målt i tal dyr og areal
- Møre og Romsdal skal arbeide for å nå nasjonale mål om klimagassreduksjonar og tap av næringsstoff frå landbruket
- Landbruket i Møre og Romsdal er vurdert som ei viktig næring i fylket
- Auke rekrutteringa av både kvinner og menn til landbruket. Eigarskifte bør sikre vidare drift

- Sikre grunn- og vidareutdanning i landbruket gjennom skreddarsydde og fleksible utdanningstilbod. Tilby allsidig kompetanseutvikling som dekkjer alle sider ved landbruksdrifta
- Styrke samarbeid mellom landbruksnæring og forskning
- Mjølkeproduksjonen, kjøttproduksjonen på storfe, svinekjøttproduksjonen og produksjonen av saue og lammekjøtt skal auke med 20 prosent fram mot 2030. Produksjonen skal vere økonomisk og miljømessig berekraftig og vere basert på mest mogleg bruk av lokale ressursar. Geitehaldet skal utvikle seg i takt med etterspørsel og salsmulegheiter for geitmjølkbaserte produkt. Pelsdyrfarmar skal ha høve til å fornye seg og utvikle produksjonen innafør rammene av nasjonalt regelverk.
- Auke kornproduksjonen med 20 prosent annan 2030. Oppretthalde eller auke den relative andelen av marknaden og sikre konkurransekrafta og dermed rekrutteringa i grøntsektoren
- For sau og ammeku skal minst 10 prosent av produksjonen i Møre og Romsdal vere godkjent som økologisk innan 2020. For andre produksjonar skal minst 5 prosent av arealet og minst 5 prosent av det grovfôrbaserte husdyrhaldet vere økologisk. På lengre sikt – fram mot 2030 – skal lokal produksjon halde tritt med etterspørselen nasjonalt
- Leggje til rette for auka verdiskaping frå skog og skogbaserte næringer. Skogsektoren skal bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver innafør biomangfald, klima, fornybar energi og når det gjeld å dekke menneska sine behov for opplevingar i skog.
- Sikre tidsmessige foredlingsanlegg for mjølk rundt om i fylket og oppretthalde kraftfôrfabrikane med kornmottak
- Auke mangfaldet og volumet av lokal matspesialitetar. Inn på tunet-tilbod skal fram til 2020 når eit volum på minst 100 årsverk i Møre og Romsdal. Minst 150 GWh av energiomlegging (oppvarming av bygg) frå elektrisitet til fornybar energi skal komme trefiber. Verdiskapinga frå og i utmarka skal aukast

Fylkesplan 2013-2016 og handlingsplan for verdiskaping

I fylkesplanen for Møre og Romsdal er det peika ut fire satsingsområde: Kultur, kompetanse, verdiskaping og samferdsel. Det er vedteke åtte resultatmål innanfor for satsingsområdet verdiskaping. Landbruksnæringa er særleg omhandla innanfor resultatmål 8: «Verdiskaping frå landbruk, fornybar energi og sjømat skal aukast.»

Det blir utarbeidd årlege handlingsplanar for verdiskaping, der det vert peika ut innsatsområde under kvart resultatmål. Hovudlinene i Regionalt næringsprogram vil bli forankra i handlingsplan for verdiskaping.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjennom forvaltningsreforma (Ot. Prp. Nr.10 (2008-2009)) har fylkeskommunen fått tildelt oppgåver knytt til landbruk. Forvaltningsreforma gir føringar for at fylkeskommunen skal løyse oppgåver innan verdiskaping i landbruket, klima og samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving.

5. Generelle føringar

5.1 Generelle føringar på nasjonalt nivå (Landbruks- og matdepartementet)

- Næringsutviklingsarbeidet i landbruket må sjåast i samanheng med dei generelle rammevilkåra for landbruket og næringsmiddelindustrien, herunder verknadene av dei generelle økonomiske verkemidla og tollvernet
- Strategiane for vareproduksjonen må vurderast løpande i forhold til måla for landbrukspolitikken. Dette gjeld også tilgangen til marknaden og marknadsutsikter
- Det skal leggest til rette for eit aktivt og variert jordbruk over hele landet. Midlar til investeringar skal fordelast slik at dei bidreg til ein variert bruksstruktur. Støtte til investeringar skal gjevast auka prioritet
- Vurdering av lønsemda i prosjekta skal ligge til grunn for tildeling av midlar. Lønsemd treng ikkje å vere det same som strukturrasjonalisering
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering av søknader
- Bedriftsretta midlar til utvikling på lokalmat- og reiselivsområdet er i sin heilskap overførte til regionalt nivå. Fylka må derfor ta høgde for dette i sine strategiar. Støtte til bedrifter med vekstambisjonar og forpliktande produsentsamanslutningar er framleis eit nasjonalt ansvar
- Dyrevelferd og fornying av driftsapparatet skal vektleggast
- Det skal ikkje vere noka nedre grense for storleiken på investeringar for å kunne motta støtte
- Dei fylkesvise BU-midla skal bidra til utvikling både innanfor tradisjonelt landbruk og bygdenæringar. Det skal leggest til grunn at kvart einskild fylke finn fram til ei tenleg fordeling av tilskott mellom føremåla, evt. set måltal for fordeling mellom tradisjonelle næringar og bygdenæringar
- Det enkelte fylket tek stilling til om det er landbruksavhengige område som bør gjevast særleg merksemd i gjennomføring av RNP
- Det regionale nivået har framleis høve til å gje nærmare føresegner om fastsetjing av satsar for tilskott – innanfor ramma av dei nasjonale føringane og forskrifta

5.2 Generelle føringar på regionalt nivå (vedteke i partnerskapet)

- Verkemidla skal bidra til å styrke økonomien på bruka. Generelt skal bruk der den samla inntekta - etter investeringa - i det alt vesentlege kjem frå landbruk og landbruksrelatert verksemd prioriterast. Det skal leggjast vekt på om søkjar sjølv er aktiv brukar, og om tiltaket kan gi eit positivt inntektsbidrag. Vidare skal det leggjast stor vekt på at løyvinga er utløysande for tiltaket

- Forvaltninga skal legge vekt på å halde ei offensiv og proaktiv rolle i forhold til lønsame tiltak og prosjekt som kjem opp. I dette ligg at søkjarar som fyller krava for finansiering i utgangspunktet ikkje skal få avslag på søknadar. Kriteria som ikkje går fram av føringane skal ikkje leggest til grunn utan at dette er avklara i partnerskapet
- Det skal sikrast at investeringsprosjekta skjer innanfor realistiske marknadsmessige rammer
- Verkemidla skal utnyttast på ein måte som tek omsyn til kulturlandskapet og miljøet
- Midla til investering og bedriftsutvikling og til utgreiings- og tilretteleggingstiltak kan brukast i alle kommunane. Næringsprogrammet legg ikkje opp til å gruppere etter kommunekriterium, men opnar for å legge vekt på eit bygdeperspektiv. Tiltak som er særleg viktige for å oppretthalde sysselsetting og infrastruktur i ei bygd har høg prioritet
- Midla skal bidra til å auke den totale verdiskapinga på bygdene, og bidra til at landbruket får fleire bein å stå på. I mange bygder er landbruksnæringa viktig - men ikkje tilstrekkeleg - til å oppretthalde livskraftige samfunn. Svært mange gardsbruk får delar av inntektene frå lønna arbeid, og som gardbrukarar har det også blitt meir aktuelt å selje varer og tenester direkte til lokalsamfunnet. Landbruksomgrepet skal derfor tolkast vidt – og i utgangspunktet femne om tiltak som bidrar til også å gjere bygda meir attraktiv, robust og konkurransedyktig
- Utmåling av tilskot er uavhengig av om den aktuelle produksjonen er MVA-pliktig
- Tiltak som tek sikte på betre bruk av ressursar i lokalsamfunnet, både naturgitte og menneskelege, skal ha prioritet i forhold til bruk av råvarer som blir ført inn til området. Tiltaksapparatet kan møte dette ved å sjå finansieringsstøtte og tilretteleggingsmidlar i samanheng
- Søknadar om finansiering av varige fôrlager skal ha høg prioritet
- Søknadar om nødvendig utviding av lagerkapasitet for husdyrgjødsel med minimum 10 månaders lagring skal ha høg prioritet. Dette gjeld også eksterne lager og samarbeidsprosjekt
- Lagerbygg for maskinar og reiskapar, samt andre tiltak som har karakter av infrastruktur er ikkje prioriterte
- Saker som er underlagt EØS-regelverket må halde seg til desse reglane
- Hydrotekniske tiltak vert ikkje prioriterte
- Investeringar i fast utstyr for automatisering av mjølking og fôrtildeling i eksisterande driftsbygningar kan støttast av BU-midla

5.3 Innovasjon, nyskaping og omstilling

BU-midla skal bidra til omstilling, og til utvikling av ny verksemd. Prosjekt med element av nyskaping skal prioriterast. Dette går på alle ledd i verdikjeda, frå primærproduksjon til sal – og det gjeld også utvikling av tenester som ikkje er råvarebaserte. Det bør akseptierast større risiko ved finansiering av tiltak som er spesielt banebrytande (ny

teknologi, ny marknad, nytt produkt). Målet er å få fram lønsame innovasjonar som kan auke breidda i næringsgrunnlaget på det enkelte gardsbruket og i bygda.

5.4 Marknadstilpassing og internasjonalisering

Marknadsorienterte tiltak, og tiltak som aukar kompetansen om marknadsføring skal ha høg prioritet. Det same gjeld tiltak som bidrar til å opne nye marknader eller marknadskanalar. Tiltaksapparatet må arbeide aktivt for å få fram gode prosjekt, og det må akseptere større risiko enn vanleg ved finansiering av prosjekt med potensiale for eksport.

5.5 Ny forskrift om bedriftsutvikling

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd ny «Forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket». Forskrifta vart sett i kraft 1. januar 2015. Frå no av blir forvaltninga av bedriftsretta virkemiddel styrt av den nye forskrifta, medan midlar til utviklingstiltak blir styrt gjennom det årlege fullmaktsbrevet til fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet. Forskrifta inneber også ei viss oppstramming av forvaltningspraksis, men det er ikkje varsla endringar som påverkar samarbeidet i den regionale partnerskapen.

6. Ulike produksjonar og tiltaksområde


Dette kapitlet omtalar ulike produksjonar og tiltaksområde. For fleire av punkta er det vanskeleg å gruppere mellom bedriftsretta tiltak og tilretteleggingstiltak.

6.1 Grovfôrproduksjonane

Møre og Romsdal er eit sterkt mjølk- og storfefylke, med nesten 10 prosent av landets samla mjølkekvote. Mjølkeproduksjonen står for den største delen av verdiskapinga i landbruket i fylket – ca. 521 mill. kroner (inkludert geitmjølk) (NILF 2012). Grovfôrbaserte produksjonar er arbeidsintensive.

Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal har utvikla seg omtrent som for landet elles, men har klare særtrekk. Mange går ut av næringa, men mellom dei som ser framover er det stor vilje til å investere. For få år tilbake var det etableringa av samdrifter som stod bak dei største utbyggingane. I dag er ein del samdrifter under avvikling, og tyngda av utbyggingssakene er enkeltbruk. Strukturutviklinga er langt på veg teknologidreven, der kapasiteten til mjølkeroboten i praksis har lagt føringane for kor stort det blir bygt. I løpet av den siste tiårsperioden har mange investert i driftsbygningar med plass til 50 kyr eller meir. Eigedomsstrukturen er ikkje tilpassa så store einingar, og meir og meir av produksjonen er basert på leigejord, i gjennomsnitt rundt 50 prosent. Dette er utfordrande i forhold til pantegrunnlag og sikkerheit i samband med investeringar eller eigedomsoverdraging, men også når det gjeld driftskostnadar knytt til transport og drift.



Figur 1. Verdiskaping (nettoprodukt) i kumjølkeproduksjonen i 2010, fordelt på kommune. Millionar kroner. Kjelde: NILF.

Mjølkeproduksjon er langsiktig og kapitalkrevjande. Som konsekvens av strukturelle endringar og ny teknologi har investeringane i ei «typisk driftsbygning» gått kraftig opp. Større husdyrbygningar tilpassa robot og 50 – 60 kyr har ofte prislapp på over 10 millionar kroner. Det er eit stort udekt investeringsbehov i næringa. Skal ein oppfylle produksjonsmålet som er sett, er ein avhengig av tilgang på nok kapital på vilkår som næringa kan leve med. Vidare må ein ha tilgang på grovfôrareal i rimeleg nærleik til gardsbruket. Eit prosjekt i regi av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning arbeider med å få fram auka kunnskap om korleis avstanden frå driftssenteret påverkar det økonomiske resultatet på garden.

Sauehald

Sauehaldet er karakterisert av mange besetningar, og dei aller fleste som driv med sau er avhengige av andre inntekter i tillegg. Sauehaldet er spreidd over heile fylket, men med Rauma som klart største kommune. Sauen er det viktigaste beitedyret, og den kan gjere seg nytte av ressursar som elles vil ligge ubrukt. Sauen hentar ein vesentleg del av foret frå utmarka, og den gjer ein stor innsats for å halde oppe kulturlandskapet. Sauebøndene har eit aktivt og godt fagmiljø.

Geitehald

Møre og Romsdal er eit stort geitefylke – det er berre Troms og Sogn og Fjordane som har større geitenæring. Miljøet er lite, men aktivt. Strukturen i geitehaldet endrar seg fort, og det går endå raskare i Møre og Romsdal enn elles i landet.

Gjennomsnittsbuskapen har gått opp frå 88 til 128 mjølkegeiter på 10 år, samtidig som brukstalet er halvert. Inntrykket er at det no er optimisme og vilje til å satse. Praktisk

talt heile næringa har slutta opp om saneringsprosjektet Friskare geiter, og helsetilstanden i besetningane har blitt langt betre.

6.2 Kraftfôrbaserte produksjonar

Svine- og fjørfehald har sidan 1975 vore underlagt avgrensingar i besetningsstorleik (lov om regulering av ervervsmessig husdyrhold). Bakgrunnen for lova var at utviklinga innanfor desse produksjonane gjekk i retning av industriprega produksjon basert på innkjøpt kraftfôr. Dette vart sett på som lite ønskeleg ut frå landbrukspolitiske mål.

Svinekjøttproduksjon

Maksimumsgrensene for konsesjonsfritt svinehald vart sist endra i 2003, og grensene er no 2 100 omsette eller slakta slaktegrisar pr år eller 105 innsette avlspurker.

I Møre og Romsdal er det i dag ca. 1150 avlspurker (2,2 prosent av landet) fordelt på om lag 40 bruk. Det er ca. 50 bruk som leverer slaktegris. Produksjonen av svinekjøtt svingar i takt med marknaden. I 2014 vart det levert vel 2000 tonn svinekjøtt i Møre og Romsdal. Dette er ein nedgang på nesten 400 tonn i forhold til året før. Produksjonen i 2012 var om lag 2500 tonn.

Innovasjon Norge har bestemt at saker som gjeld nyetablering eller monaleg utviding av svinehald og eggproduksjon skal på grunn av marknadssituasjonen leggast fram for hovudkredittutvalet.

Egg- og fjørfekjøttproduksjon

Konsesjonsgrensene på slaktekyllingproduksjon er 280 000 omsette eller slakta kyllingar per år, i kalkunproduksjon 60 000 omsette eller slakta kalkunar per år og eggproduksjon 7 500 innsette høner.

Det er etablert fleire produsentar med 7 500 høner. Husa er tilpassa nye krav til hønsehald gjeldande frå 2012.

Innovasjon Norge har bestemt at saker som gjeld nyetablering eller monaleg utviding av svinehald og eggproduksjon skal på grunn av marknadssituasjonen leggast fram for hovudkredittutvalet.

6.3 Planteproduksjon

Planteproduksjon for sal eller til eige bruk var tidlegare ein integrert del av drifta på stort sett alle gardsbruk. For tretti år sidan var det eksempelvis 3200 gardsbruk som hadde potet, og det samla arealet var nesten 6000 dekar. No er det att rundt 70 produsentar med totalt 2000 dekar. Planteproduksjon for sal har blitt dramatisk endra, og småsysleriet er omtrent ute. Produsentane har spesialisert seg, og det er investert store beløp i teknologi og infrastruktur. Det typiske for potet, grønt og frukt/bær er at produksjonen er vertikalt integrert, med avtalar mellom produsent og omsetningsledd. Planteproduksjon for sal er ein relativt liten del av totalomsetjinga i Møre og Romsdal, men lokalt har desse produksjonane stor betyding. Kompetanseintensive spesialproduksjonar er viktige for å løfte miljøet, og har heilt klart potensiale til å gi inspirasjon og nytenking rundt organisering, produksjon og marknadsføring. Planteprodusentane har typisk eit tettare forhold til FoU-miljøa enn landbruket elles.

Korn

Jordart og klima set grenser for omfanget av korn i Møre og Romsdal, men ambisjonane må vere at korn kan vere med å halde oppe drift og vedlikehald av jord som ikkje blir brukt til grasdyrking. Det er grunn til å tru at kornprodusentar forholdsvis ofte vil få klimabetinga skade.

Vi har få miljø med erfaring frå korndyrking. Større produksjon må eventuelt følgjast av større investeringar på teknisk utstyr og på mottaksapparat. Kornproduksjon er positiv som kultur for vekstskifte, og større kornproduksjon kan bidra til å halde større jordbruksareal i aktiv drift.

Det kan vere rom for auka kornproduksjon i Møre og Romsdal. Tilskottssystemet har hittil ikkje stimulert til auka avlingar.

Poteter og grønsaker, frukt og bær

Bondeeigde lokale foredlingsbedrifter er viktige for å sikre marknadstilgang. Valldal Grønt, Smølagrønt og Sunndalspotet arbeider godt innan kvar sine felt. Det er likevel viktig med utvikling for å vere i forkant innan dette området. Dei må vere blant dei beste om det skal bli god økonomi for produsentane. Det kan vere ein del å hente på å kople foredlingsbedriftene saman for å løfte kvarandre.

6.4 Natur og kulturbasert næringsliv

Det er eit mål at ein større del av verdiskapinga bør bli igjen i bygdene. Landbruket skal levere varer med høgare foredlingsgrad, og primærlandbruket skal i større grad ta ansvaret for å føre varene fram til marknaden.

Lokal matforedling

Nyskapande produktutvikling og sterkare bevisstgjerings av norsk matkultur er viktig for å nå målet om auka verdiskaping. På den måten vil norsk matproduksjon kunne behalde og sikre nye marknadsdelar i ein stadig meir krevjande konkurransesituasjon. Fylkesmannen har ansvar for koordinering av arbeidet i samarbeid med Matnavet for Midt-Norge og Innovasjon Norge.

Lokal mat og grønt reiseliv

Møre og Romsdal fylke har mange spektakulære attraksjonar med stort potensiale i reiselivssamanheng. Ei sterkare satsing på samarbeid mellom reiseliv og lokale matprodusentar er ein naturleg del av dette området. Moglegheitene som ligg i direktesal, og i sal gjennom overnattingsbedrifter, restaurantar og dagligvarekjeder må utnyttast betre. Møre og Romsdal har stort potensiale som reiselivsfylke og landbruket har sin naturlege plass der. For å lukkast med denne satsinga, er det viktig med god samordning mellom fylkesmannen og fylkeskommunen sine aktivitetar.

6.5 Skogbruk

Både Melding om Kystskogbruket og Strategiplanen for skogbruket i Møre og Romsdal blei vedteke av fylkestinget i 2008 og gir føringar for ei auka satsing på skogbruket i fylket. Strategiplanen vart revidert i 2011, mens Melding om Kystskogbruket blir revidert i 2015.

Regionale hovudmål for skogbruket i Møre og Romsdal er i strategiplanen definert til:

- Leggje til rette for auka verdiskaping frå skog og skogbaserte næringer

- Skogsektoren skal bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver innafor biomangfald, klima, fornybar energi og når det gjeld å dekke menneska sine behov for opplevingar i skog

Strategiplanen er bygd opp med ulike delmål og tiltak for å nå dei regionale hovudmåla. For detaljer rundt dei ulike delmåla og tiltaka vert det vist til Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008-2016. Det finst sentrale satsingar på infrastrukturtiltak.

Tilretteleggingsmidla kan brukast til finansiering av ulike satsingar for å nå måla i strategiplanen for skogbruket i Møre og Romsdal og oppfølging av "Melding om kystskogbruket".

Bygdeutviklingsmidla kan brukast for å delfinansiere skogbruksretta tiltak på den enkelte eigedomen, men midla kan ikkje gå til å finansiere entreprenørverksemd. Dette er næringsverksemd som berre indirekte er knytt til skogbruket, og må finne finansiering gjennom andre kjelder. Tilskot eller rentestøtte til mobilt utstyr i primærskogbruket har ikkje spesiell prioritet. Lånefinansiering vurderast på linje med anna landbruksverksemd, dette gjeld både lågrisiko- og risikolån.

Juletreproduksjon

Strategisk plan for juletre og pyntegrøntproduksjon har målsetjing om å auke produksjonen av juletre. Det er stor variasjon i lønsemda hos den einkilde produsenten. Dei viktigaste faktorane for lønsemd er klima og dyrkingskompetanse. Ein forventar ei utvikling mot større produksjonar og meir mekanisering. I Møre og Romsdal kan etablerarstipend gå til aktørar som ønskjer å starte opp med minimum 20 dekar juletreplantasjar. Det er vidare sett krav til ein langsiktig produksjonsplan - med krav til treslagsval, kompetansebygging mv. Retningsliner for støtte til planting av juletre er lagt ut på heimesida til fylkesmannen under fana «Skogbruk».

7. Prioriterte satsingar

Næringsstrategien skal ta omsyn til regional sektor sine tiltaksplanar. Omsynet til intensjonane i dei enkelte handlingsplanane opphevar derimot ikkje dei andre vurderingskriteria, jf. kravet om lønsemd.

7.1 Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv

Målet med programmet er å gjere mat- og reiselivsbedrifter meir konkurransedyktige. Både primærprodusentar, næringsmiddelbedrifter og reiselivsbedrifter kan få finansiering. Finansiering kan gå til vekstfinansiering, forpliktande produsentsamanslutning og bedriftsnettverk. I Møre og Romsdal skal det utarbeidast ein handlingsplan for grønt reiseliv, økologisk mat og lokal mat.

7.2 Innovativ bruk av tre

Programmet vert forvalta av Innovasjon Norge. Målet er å bidra til auka bruk av tre og auka verdiskaping blant bedrifter som nyttar tre i sin produksjon. Regionale verkemidlar må disponerast i samanheng med treprogrammet der det er relevant. Tilretteleggingsmidla kan brukast for å få fram prosjekt som kan få finansiering gjennom programmet. Les meir på www.innovasjonnorge.no/trebasert

7.3 Bioenergiprogrammet

Bioenergiprogrammet blir forvalta av Innovasjon Norge og skal stimulere til auka bruk av fornybare energikjelder. Programmet har to satsingsområde: Bioenergi i landbruket og flisproduksjon. Formålet med ordninga "Bioenergi i landbruket" er å stimulere jord- og skogbrukarar til å produsere, bruke og levere bioenergi i form av brensel eller ferdig varme. Programmet gir støtte til etablering av anlegg for sal av varme, varmeanlegg i eigen bustad, gardsvarmeanlegg, veksthus og biogass. Formålet med satsinga innan flisproduksjon er å bidra til auka kapasitet og tilgang på biobrensel i Noreg. Det er ikkje krav om bakgrunn frå landbruket i denne ordninga. Les meir på:

<http://www.innovasjonnorge.no/no/finansiering/bioenergiprogrammet>

7.4 Hoppid.no

Hoppid.no er fylkeskommunen sitt arbeid med entreprenørskap og nyetableringar. Dette omfattar styrking av førstelinjetenesta, tilrettelegging av kurspakkar og arbeid med knoppskyting. På hoppid.no-kontora får gründeren gratis råd og rettleiing, tilbod om kurs og opplæring, råd om tilskot og finansiering og hjelp i søkeprosessar og til nettverksbygging. Bygdemobilisering – som i hovudsak blir finansiert over bygdeutviklingsmidla – er integrert i Hoppid.no-arbeidet.

7.5 Tilskotsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket

Fylkeskommunen, ved regional- og næringsavdelinga, fekk i 2014 tildelt kr 1,48 millionar frå Landbruks- og matdepartementet, som skal bidra til rekruttering og utdanning av næringsutøvarar som kan ivareta og styrke verdiskapinga i landbruket regionalt. Ordninga vert forvalta i samarbeid med landbruksavdelinga hos fylkesmannen og næringsorganisasjonane i landbruket. Prioriterte område skal vere kompetansehevande tiltak, etter- og vidareutdanning, tiltak som kan styrke rekrutteringa til landbruksnæringa og som kan auke interessa for naturbruksutdanning.

7.6 Inn på tunet

Det er oppretta eit nettverk blant Inn på tunet-bedrifter i Møre og Romsdal. Organisasjonen skal arbeide for å kvalitetssikre Inn på tunet-tilbodet, tilby ein møtearena og bidra med kompetansebygging. For at Inn på tunet-prosjekt skal få finansiering gjennom Innovasjon Norge, må bedriftene anten vere godkjende eller vere i prosess for å få godkjenning gjennom Matmerk. Eit prioritert arbeid er å setje i verk godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet. Det skal utarbeidast ein handlingsplan for Inn på tunet-satsinga i Møre og Romsdal.

7.7 Natur- og kulturbasert næringsutvikling

Natur- og kulturbasert næringsliv har ein viktig rolle for auka oppleving av naturen ved å tilby spesielle attraksjonar der lokalt foredla mat, bygdekultur, jakt, fiske og naturopplevingar høyrer naturleg saman. Verna område har ofte eit stort unyttta potensiale for natur- og kulturbasert næringsliv. Naturen i fjellområda, kystlandskapet, bygdekulturen og kulturlandskapet er viktige bidragsytarar for statusen til landskapet i fylket. Viktige satsingsområde i fylket er:

- Verdsarv – Geirangerfjorden/Herdalen
- Utvalde kulturlandskap – fjellgardane og seterdalane i øvre Sunndal

Midlar til desse satsingsområda er løyvt utanom BU-ramma. Møre og Romsdal fylkeskommune har eit eige reiselivsprogram. For landbruket er det viktig at synergien mellom store og små aktørar vert vektlagt, og at velstelt kulturlandskap blir synleggjort som reiselivsargument. Gjennom Regionalt Miljøprogram (RMP) vert det mellom anna gjeve tilskott til beitedyr, skjøtsel av kulturminne og seterdrift.

- Tiltak som medverkar til samarbeid mellom den landbruksbaserte bygdeturismen og anna reiseliv i regionen får prioritet. Det bør satsast på utvikling av "produktpakkar" som gir lettare tilgjenge og betre kvalitet på opplevinga for kunden
- Tiltak som medverkar til ei berekraftig næringsutvikling i verna område skal prioriterast
- Investeringsmidlar til reiselivstiltak vil bli prioritert til område med potensiale for lønsam drift, som for eksempel nedslagsfeltet for nasjonale turistvegar
- Det er eit stort unytta potensiale for kommersialisering av tiltak innan jakt-, fiske- og friluftsliv i fylket. Slike prosjekt har berre prioritet dersom dei er knytte opp mot andre satsingsområde som bygdeturisme, natur- og kulturbasert næringsutvikling eller inngår i etablerte prosjekt
- Nyetableringar av overnattingstilbod får prioritet der desse er ein integrert del av ei breiare satsing på natur og kulturbasert næringsliv. Når det gjeld etablering av reine overnattingstilbod, må det dokumenterast eit behov i marknaden
- Tiltak for betre inntening hos eksisterande anlegg har høgare prioritet enn nyetableringar

7.8 Økologisk landbruk

Midlar til økologisk landbruk er ein del av utgreiings- og tilretteleggingstiltaka. I 2015 vil det bli utarbeidd ein "Handlingsplan for grønt reiseliv, økologisk mat og lokal mat". Denne planen vil danne grunnlaget for det vidare samarbeidet med fagorganisasjonane om økologisk landbruk og matforedling. Satsinga på økologisk landbruk skal i hovudsak rettast mot produksjonsauke, men det vert også lagt opp til ei samordning med marknadstiltaka innan småskala matspesialitetar etter den nye handlingsplanen.

Mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon er dei største økologiske produksjonane her i fylket, men økologisk planteproduksjon i samband med andelslandbruk blir også viktig i åra framover. Landbruk Nordvest er ein viktig samarbeidspart i dette utviklingsarbeidet. I tillegg er satsingar på barn og unge prioritert, både i samarbeid med 4H og Bioforsk Økologisk og Oikos. Bruk av tilretteleggingsmidlar vil difor vere aktuelt for å støtte opp under etablering av skulehagar, arrangement og profilering av økologisk mat.

7.9 Bygdemobilisering

Bygdemobilisering inneber at eit frivillig lag eller ein organisasjon får støtte frå utgreiingsmidlane til å jobbe med næringsutvikling, trivsel og busetjing. Slike lokale satsingar skaper mykje aktivitet ved hjelp av lite midlar fordi dugnadsinnsatsen er stor. Arbeid i forhold til barn og unge er eit viktig felt i samband med dette. Erfaringar viser at ei bygdemobilisering kan gje positive sideeffektar ved at nye forretningsidéar blir klekka ut, og at bygdefolk tør å satse nytt. Tildeling av midlar til bygdemobilisering skjer i samarbeid med hoppid.no.

Det kan gjevast støtte til tre prosjekt pr. år – med inntil kr 300 000 pr. prosjekt.

7.10 Kompetansetiltak og FoU

Landbruket står overfor store krav til omstilling dei neste åra. Rett kompetanse til rett tid er ein av nøklane til eit omstillingsdyktig landbruk. Det er behov for å sette betydeleg større trykk på

generelle tema som leiing og marknadsføring. Det vil også bli eit stort behov for særkompetanse knytt til produktutvikling og prosess. Søknadar om slik støtte skal ha høg prioritet. Tilrettelegging av kompetansetiltak må sjåast i samanheng med tilsvarande tiltak frå andre offentlege og private aktørar. Mykje av problematikken er uavhengig av sektor, og midlane kan drygast gjennom eit tettare samarbeid med andre aktørar.

Granskingar viser at det er store forskjellar i lønnsvevne mellom bruk som i utgangspunktet skulle vere likestilte. Dette indikerer klart at det er mykje å hente på å fokusere på driftsleiing og økonomistyring. Saman med kompetansebygging på entreprenørskap, marknad og marknadsføring får desse emna derfor særleg vekt.

Utgreiings- og tilretteleggingsmidla skal i utgangspunktet ikkje brukast som finansiering av forskning. Her kan det vere unntak dersom forskinga er særleg viktig for å løyse problem for lokalt landbruk (jf. satsinga på alveld), eller dersom bruk av desse midla kan bidra til å løyse ut større satsingar med anna finansiering.

Entreprenørskapsprogrammet hoppid.no skal bidra til fleire og betre etableringar i fylket, og grip slik sett direkte inn i til retteleggingstiltaka. Det er derfor naturleg at verkemidla blir sett i samanheng. Dette gjeld i særleg grad bygdemobilisering, men også tiltak som går på kompetansebygging og tilrettelegging for næringsutvikling generelt. Samarbeid gjennom entreprenørskapsprogrammet hoppid.no skal ha stor merksemd.

7.11 Klima og miljø

Stortingsmelding nr 39. "Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen" blei vedtatt av Stortinget desember 2009. Meldinga viser næringa sitt store potensial for å redusere utslepp av klimagassar. Dette kan gjerast både gjennom utsleppskutt, auka binding av CO₂ i skog, auka bruk av tre som bygningsmateriale og auka bruk av bioenergi.

Regional energi- og klimaplan for Møre og Romsdal blei vedtatt av fylkestinget i desember 2009. Hovudmålet for planen er at klimagassutsleppa i Møre og Romsdal skal, i forhold til utsleppa i 2007, reduserast med meir enn 10% innan 2020.

Ved inngangen av 2015 er ein revisjon av planen ute til høyring. Måla som er sette for landbruket er:

- Binding av CO₂ i trevirke og skog skal aukast
- Lystgassutsleppa skal reduserast med 10 prosent
- Metanutsleppa skal reduserast med 10 prosent
- Bruken av fossilt brensel i landbruket skal reduserast med 10 prosent

Som ei forlenging av denne planen skal det utarbeidast ein tiltaksplan.

7.12 Rekruttering/eigarskifte

Svært mange bygder har altfor få kvinner i yrkesaktiv alder. Utvikling av landbruket og ny næringsverksemd må tilpassast kvinner sine behov, og gi kvinner minst like gode moglegheiter som menn til aktiv deltaking. Tiltak som bidrar til auka sysselsettingsmoglegheiter for kvinner i distrikta skal prioriterast.

Manglande rekruttering til landbruket er eit aukande problem. Landbruket er fundamentet for busetjinga i mange utkantområde, og dersom rekrutteringa sviktar, er det heller ikkje grunnlag for etablering av anna næringsverksemd. Overtaking av landbrukseigedom er ikkje berre eit spørsmål om å skifte yrke for brukaren. For mange yngre familiar medfører det også flytting til eit nytt miljø og ofte problem med å finne eigna arbeid for ektemake/sambuar.

Tiltak der ungdom vil utvikle og etablere eigne arbeidsplassar skal gjevast prioritet. Nyskaping og nye tiltak blir ofte initiert i samband med generasjonsskifte. Satsing på ungdomar bidrar til å

heve omstillingstakta, og bidrar til at landbruket står fram som ei attraktiv og framtidsretta næring. Ungdom er i denne samanhengen definert som personar under 35 år.

Det kan gjevast etableringstilskott ved eigarskifte for søkjarar under 35 år for investeringar opp til kr 1 500 000. Ordninga omfattar ulike tiltak knytt til eksisterande bygningsmasse (driftsbygningar).

Rekruttering til landbruksnæringa heng nøye saman med omdømmet til landbruksnæringa og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemda og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil rekrutteringa svikte.

Det er eit mål å få til tidlegare generasjonsskifte på gardane – dette krev fornuftige pensjonsordningar og fokus på ny verksemd på garden for dei som sel garden. For å gjere landbruksutdanninga meir attraktiv for ungdom, kan det vere tenleg med eit tettare samarbeid med landbruksnæringa regionalt når det gjeld å utvikle og tilby undervisningsopplegg i tråd med kompetansen som vert etterspurd i næringa. Det må utviklast målretta tilbod for å auke kunnskapsnivå, kompetanse og kvalitet innanfor landbruket.

7.13 Småkraftverk

Finansiering av mikro- og minikraftverk er tiltak som i prinsippet fell innanfor verkeområdet for næringsstrategien. Mikro- og minikraftverk har generelt god lønsemd og liten sysselsetjings-effekt. Slike tiltak blir ikkje finansierte med tilskot over midla som dette dokumentet omhandlar.

Midlar til bygdeutvikling - rammer og satsar for 2015

Landbruks- og matdepartementet har i oppdragsbrev til Innovasjon Norge 2015 og fullmaktsbrev til fylkesmannen 2015 gjort greie for fylkesvis fordeling av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket og til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Møre og Romsdal får for 2015 tildelt desse midla:

Tilskott til investering og bedriftsutvikling (Innovasjon Norge)	kr	35 780 000
Låneramme som grunnlag for rentestøtte (Innovasjon Norge)	Kr	76 400 000
Utviklings- og tilretteleggingsmidlar (inklusive midlar til økologisk landbruk - fylkesmannen)	Kr	4 800 000

Investeringar i produksjonsanlegg: Det kan gjevast investeringstilskott med inntil 20 prosent av godkjend kostnadsoverslag. Tilskottet er avgrensa oppover til kr 1 500 000. For alle saker kan det løyvast rentestøtte med inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag, utan avgrensing oppover.

Investeringar i samband med generasjonsskifte: Etableringstilskott ved eigarskifte er avgrensa til å gjelde investeringar med ei kostnadsgrense på kr 1 500 000. Ordninga omfattar ulike tiltak knytt til eksisterande bygningsmasse. Søkjarar kan få opp til 40 % tilskot av godkjend kostnad. Tilskotssatsen er lik for både mannlege og kvinnelege søkjarar. Det kan berre løyvast tilskot etter denne ordninga dei første 5 åra etter overtakinga. Søkjar må vere under 35 år.

Risikolån er primært retta inn mot toppfinansiering av saker som det er vanskeleg å finansiere gjennom vanlege banklån. Dette gjer at ordninga har høgare rente enn lågrisikolån. Ved løyving av risikolån skal det setjast av midlar til tapsfond. Desse midlane skal trekkjast frå den totale tilskotsramma.

Etablering av ny verksemd: Det kan gjevast tilskott til førebuing og etablering av ny verksemd innan landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt landbruk som har som føremål å ekspandere. Tilskottet kan utgjere inntil 75 % av kostnadene, avgrensa oppover til 75 % av godkjend kostnadsoverslag for tiltaket.

Bedriftsutvikling: Det kan gjevast tilskott til produktutvikling, kompetansebygging, marknadsundersøkingar, testsal, nettverksbygging og marknadsføring av nye produkt. Tilskottet er avgrensa til 50 % av kostnadene. For foretak der majoriteten av eigarandelane vert kontrollert av personar under 35 år eller av kvinner kan tilskottsandelen aukast til 75 %.